



Lærdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
097/24	Formannskapet	05.09.2024
061/24	Kommunestyret	19.09.2024

Sakshandsamar: Magnhild Aspevik	Arkiv: K2-S11	Arkivsaksnr.: 22/462 - 14
--	-------------------------	-------------------------------------

Krav om vilkårsrevisjon for regulering i Lærdalsvassdraget – innspel frå Lærdal kommune

Kort samandrag:

Lærdal kommunen har motteke brev frå NVE, der dei ber kommunen om å ta stilling til om kommunen vil krevje vilkårsrevisjon for regulering av Lærdalsvassdraget.

Det vert tilrådd at Lærdal kommune krev oppstarta med ein prosess for revisjon av konsesjonsvilkåra for regulering av Lærdalsvassdraget.

Kommunedirektøren si tilråding:

Lærdal kommune fremjar overfor NVE, krav om vilkårsrevisjon for fylgjande konsesjonar:

- Reguleringer og overføringer i Lærdalsvassdraget, kgl.res. av 7. oktober 1966
- Erverv av fall/ bruksrett til fall - Stuvane kraftverk, kgl.res. av 7. desember 1984
- Ytterligere regulering av Vassetvatn i Lærdal, kgl.res. av 24. januar 1969
- Regulering av Søndre Sulevatn i Lærdalselvi, kgl.res. av 11. januar 1946

Lærdal kommune ber om at fylgjande moment vert vurdert i ein vilkårsrevisjon (lista er ikkje uttømmende):

1. Levevilkår for villrein – jf. Stortingsmelding om villrein
2. Levevilkår for villaksen i Lærdalselva

3. Vegar og ferdsel i fjellet
4. Oppdatering av kunnskap – naturmiljø, kulturmiljø m.v.
5. Avbøtande tiltak t.d fond til ålmennyttige formål, tiltak som betrar levekåra til villaksen og villreinen
6. Vassføring og magasinfalling/tapping
7. Vasskvalitet - vassstemperatur
8. Interesse for ålmenta – t.d. friluftsliv, jakt og fiske

05.09.2024 Formannskapet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 097/24 Vedtak

Lærdal kommune fremjar overfor NVE, krav om vilkårsrevisjon for fylgjande konsesjonar:

- Reguleringer og overføringer i Lærdalsvassdraget, kgl.res. av 7. oktober 1966
- Erverv av fall/ bruksrett til fall - Stuvane kraftverk, kgl.res. av 7. desember 1984
- Ytterligere regulering av Vassetvatn i Lærdal, kgl.res. av 24. januar 1969
- Regulering av Søndre Sulevatn i Lærdalselvi, kgl.res. av 11. januar 1946

Lærdal kommune ber om at fylgjande moment vert vurdert i ein vilkårsrevisjon (lista er ikkje uttømmende):

1. Levevilkår for villrein – jf. Stortingsmelding om villrein
2. Levevilkår for villaksen i Lærdalselva
3. Vegar og ferdsel i fjellet
4. Oppdatering av kunnskap – naturmiljø, kulturmiljø m.v.
5. Avbøtande tiltak t.d fond til ålmennyttige formål, tiltak som betrar levekåra til villaksen og villreinen
6. Vassføring og magasinfalling/tapping
7. Vasskvalitet - vassstemperatur
8. Interesse for ålmenta – t.d. friluftsliv, jakt og fiske

19.09.2024 Kommunestyret

Handsaming i møtet

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 061/24 Vedtak

Lærdal kommune fremjar overfor NVE, krav om vilkårsrevisjon for fylgjande konsesjonar:

- Regulerings og overførings i Lærdalsvassdraget, kgl.res. av 7. oktober 1966
- Erverv av fall/ bruksrett til fall - Stuvane kraftverk, kgl.res. av 7. desember 1984
- Ytterligere regulering av Vassetvatn i Lærdal, kgl.res. av 24. januar 1969
- Regulering av Søndre Sulevatn i Lærdalselvi, kgl.res. av 11. januar 1946

Lærdal kommune ber om at fylgjande moment vert vurdert i ein vilkårsrevisjon (lista er ikkje uttømmende):

1. Levevilkår for villrein – jf. Stortingsmelding om villrein
2. Levevilkår for villaksen i Lærdalselva
3. Vegar og ferdsel i fjellet
4. Oppdatering av kunnskap – naturmiljø, kulturmiljø m.v.
5. Avbøtande tiltak t.d fond til ålmennyttinge formål, tiltak som betrar levekåra til villaksen og villreinen
6. Vassføring og magasinifylling/tapping
7. Vasskvalitet - vassstemperatur
8. Interesse for ålmenta – t.d. friluftsliv, jakt og fiske

Vedlegg:

Revisjon av konsesjonsvilkår for Lærdalsvassdraget – referat frå møte 20.8.2024
Krav om vilkårsrevisjon for regulering i Lærdalsvassdraget

Relevante dokument i saka

Alle dokument i saka er å finna under denne sida:

[Konsesjonssak - NVE](#)

Saksutgreiing

Kommunen har motteke brev frå NVE, der dei ber kommunen om å ta stilling til om kommunen vil krevje vilkårsrevisjon for regulering av Lærdalsvassdraget, og kva krav kommunen ynskjer å fremja.

Saka er tidlegare handsama i Lærdal kommunestyre, sjå vedlegg. Det er gjort slikt vedtak i sak KS-025/24 11.4.2024:

Kommunestyret vedtek at kommunen varslar til NVE at det vert stilt krav til vilkårsrevisjon frå kommunen. Bakgrunnen for kravet vil vera å sikre almenne interesser som gode leveforhold for raudlisteartane villreinen og villaksen, heve vasskvaliteten og vassmiljøet (jf. vassforskrifta) og sikre omsyn til naturmangfaldet i og langs vassdraga. Kravet vil og vera grunngeve i behov for å gå gjennom dei gamle vilkåra for regulering av Lærdalsvassdraga, både for å modernisere, oppdatere og fjerne/tilføre vilkår.

Det er vedteke at administrasjonen skal gjennomføre ein breid medverknadsprosess, for å utarbeide sjølve kravet. Med blant anna møte med Østfold Energi, Prosjektgruppa for Vassområde Indre Sogn, Lærdal Elveeigarlag, Villreinnemnda for Nordfjella og Lærdal Fjellstyre i prosessen.

Det er halde møte 20.august, og referat frå møte ligg vedlagt. Her kjem det mellom anna fram at Lærdal kommune bør støtte krav som alt er stilt.

Vurdering

Revisjon av vilkår for Lærdalsutbygginga meiner kommunedirektøren har høg viktighet, både for kommunen og for almenne interesser.

Reguleringa sørgjer for store inntekter til kommunen, og bidreg til fossilfri energi til samfunnet. Samstundes har reguleringa store miljøkonsekvensar, og kommunen har spesielt stort nasjonalt ansvar for å sikre gode leveforhold for raudlisteartane villreinen og villaksen, heve vasskvaliteten og vassmiljøet (jf. vassforskrifta) og ta omsyn til naturmangfaldet i og langs elva. Vassdragsreguleringa har og stor innverknad på fleire samfunnsinteresser i kommunen.

Det er no ei mulegheit å få gå gjennom vilkår som er sett i konsesjon som er gjeve, og kommunedirektøren meiner det no kan vera behov for å gå gjennom gjeldande vilkår, både for oppdatering og modernisering av vilkåra, fjerne vilkår som eventuelt ikkje er aktuelle lenger, og ikkje minst, vurdere om det bør settast nye vilkår.

Lærdal kommune ber om at følgjande moment bør vurderast i ein vilkårsrevisjon (lista er ikkje uttømmende):

Levevilkår for villrein – jf. Stortingsmelding om villrein

Levevilkår for villaksen i Lærdalselva

Vegar og ferdsel i fjellet

Oppdatering av kunnskap – naturmiljø, kulturmiljø m.v.

Avbøtande tiltak t.d fond til ålmennyttige formål, tiltak som betrar levekåra til villaksen og villreinen

Vassføring og magasinfylling/tapping

Vasskvalitet - vassstemperatur

Interesse for ålmenta – t.d. friluftsliv, jakt og fiske

Lærdal kommune meiner òg, det er viktige og godt gjennomarbeida krav som er sendt inn.

Det vert forventa at desse krava vert lagt vekt, om det vert opna for vilkårsrevisjon.

Kommunedirektøren tilrår at Lærdal kommune krev oppstart av vilkårsrevisjon for reguleringa av Lærdalsvassdraget.